



Kurt Haugland tok bildet av dei sjeldne gjestane

Då Birger Legland trakk garna utanfor Skorpo på morgonkvisten i dag fekk han opp 2 heller sjeldne gjestar. Det var St. Petersfiskar, og eit raskt arkivsøk avslørar at vi ikkje har skreve om fangst av denne særprega fisken siden 2008 då Jan Henrik Hansen fekk ein i garnet ved Flatholm.

St. Petersfisk (zeus faber på latin) er eigentleg ein framand fisk på våre breiddegrader men han har vorte meir vanleg på grunn av varmare vatn.

Dei to fiskane som vart fanga denne gongen var ikkje så store - over er dei samanlikna med ein mobiltelefon. Men offisielle leksikta fortel faktisk at denne fisken kan bli 90 centimeter lang og vega 8 kilo. Det står og at alderen kan bli så høg som 12 år.

Kvar høyrer den så eigentleg heime? Vanlegvis langs vestkysten av Afrika, og Europas vestlyst samt innover i Middelhavet og nær kystane i Sørøst-Asia. I Noreg skal den ikkje vera observert lenger nord enn Trøndelag.

Ingen kan hevda at den er ein vakker fisk, med sin klumpete kropp og piggar lags ryggen og under buken samt fargar i brunt, gult og grått. Eit anna karakteristisk trekk er ein augeliknande flekk midt på sida. Det blir hevda at flekken er opphavet til namnet.fordi dette er

St. Peter sitt fiingeravtrykk.
Fisken er i ulike vatnlag frå 5 til 350 meter.

Eit vesentleg spørsmål står att: Kan han etast? I høgste grad, han er ein utmerka matfisk og lenger sør i verdsdelen har han ein kimmersitt verdi.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kurt Haugland